

Marius Tryggve Giertsen
Nordsundet 20
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6146 - 21/65225

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.no

Dato:
01.10.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 326/79 Sundet

Tiltak: Flytebrygge
Byggjestad: Gbnr: 326/79
Tiltakshavar: Marius Tryggve Giertsen
Ansvarleg søker:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 30.06.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det følgjer av føresegn 1.2 til kommunedelplan for Meland at søknadspliktige tiltak i område avsett til framtidig område for bygg og anlegg herunder flytebryggjer, skal inngå i reguleringsplan før det det kan gis løyve etter pbl § 20-1, jf. § 20-1.

I medhald av føresegn 2.1.1 a) kan det gis fritak frå krav om reguleringsplan når følgjande krav er innfridd:

- Nye tiltak kan knyte seg til eksisterande infrastruktur jf. pbl § 11–10.nr 1
- Nye tiltak er tilpassa eksisterande busetnad når det gjeld høgde, volum, estetikk og grad av utnytting, jf. pbl § 11–10.nr 2

Det same gjeld for tiltak som ikkje medfører fortetting men som krev ansvar etter pbl § 20-3.

Fortetting inneber etablering av ny(e) eining(ar) / bueining(ar). Unntak frå plankravet gjeld ikkje ved fortetting med meir enn 2 naust, 3 bueiningar, 3 fritidsbustader (einingar) eller 8 båtplassar, jf pbl § 11–10 nr. 1. Definisjonen av bueining følgjer matrikkellova, knytt til adresseeining, jf matrikkellova § 21 og matrikelforskrifta § 50.

Plankravet gjeld ikkje for næringsområda N_5 Sagstad, N_9 Brakstad og N_12 Vikebø.

Dette gjeld dersom omsøkt tiltak ikkje er ein del av eit fellesanlegg.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Dersom du ynskjer å søke om fellesanlegg, opnar føresegn 1.6.7 for at det kan tillatast utlegging av flytebryggje som fellesanlegg på inntil 15 m², med maksimal breidde på 3 m.

Kommunen ber deg om å sende inn søknad om fritak frå plankrav der du viser til at krav som er sett i førsegn 2.1.1 a) er oppfylt eller skriv der du bekrefter at du søker om fellesanlegg, jf. føresegn 1.6.7.

2. Dersom flytebryggje og pir er omsøkt plassert på to forskjellige plassar på eigedomen, må dette fremkomme tydeleg på situasjonskartet. Ytre hovudmål må vere påført. Vedlagt følger to nye situasjonskart.
3. Utlegging av flytebryggje og oppføring av pir er titak som skal forestås av ein ansvarleg søker som erklærar ansvarsrett jf. pbl § 20-3, jf. § 23-3.
4. Målsatte teikningar som syner tiltaket, både for pir og flytebryggje.
5. Informasjon om korleis pir skal opparbeidast.
6. Kommunen syner og til brev datert 22.07.2021 frå Kystverket til deg der dei etterspør nøyaktige teikningar før dei kan handsame søknaden. Alver kommune kan ikkje handsame din søknad før løyve frå Bergen Hamn evt. Kystverket liggje føre.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.11.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

Situasjonskart 326/79

326-79-situasjonskart 1000

Tilbakemelding - søknad om flytebrygge og pir - gbnr 326/79 Sundet

Mottakarar:

Marius Tryggve Giertsen

Nordsundet 20

5919

FREKHAUG